



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat

Til Adresseliste

Vår dato: 10 APR. 2013  
Vår ref.: NVE 201301016-3 ki/saas  
Arkiv: 313 /016.G4C  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Silje Aakre Solheim  
22 95 95 44

## **Tinn Vann og Avløp AS – Søknad om løyve til uttak av drikkevatt frå Djupetjønn, med Heddersvatn som alternativ i Tinn og Hjartdal kommunar, Telemark – høyring**

NVE har motteke ein søknad frå Tinn Vann og Avløp AS, datert 05.02.2013, om løyve til uttak av vatn frå Djupetjønn med Heddersvatn som alternativ. Det planlagde tiltaket ligg i Tinn og Hjartdal kommunar.

Tinn Vann og Avløp AS søker om å nytte Djupetjønn som ny vasskjelde til Kvitåvatn Vannverk. Det er søkt om å ta ut inntil 500 000 m<sup>3</sup> vatn, samt å regulere Djupetjønn mellom kote 1156 og kote 1155,4. Dette inneber ei senking på 60 cm i forhold til normalvasstand. Tiltaket er planlagt med slepp av minstevassføring på 6 l/s i perioden 15.12 – 15.05. Inntaket er planlagt på 25 m djup i Djupetjønn. Her i frå vert vatnet ført først gjennom bora tunnel til Sløkjedalen, og deretter i nedgraven røyrleidning fram til vassverket. I utløpet av Djupetjønn vert det etablert ein terskel og eit arrangement for slepp av minstevassføring. Det er behov for å forlenge eksisterande veg med om lag 1,8 km for å nå fram til tunnelpåhogget i Sløkjedalen. Djupetjønn er del av Digeråi som i 2005 vart verna i verneplan for vassdrag.

Som alternativ til Djupetjønn er det søkt om å nytte Heddersvatn som vasskjelde. Eit årleg uttak av 500 000 m<sup>3</sup> vatn vil gje ei maksimal senking av vasstanden på 10 cm i forhold til normalvasstand. Inntaket er planlagt i nordre del av vatnet. Frå inntaket vil vassvegen gå 500 m i leidning lagt i vatnet, deretter 300 m i bora tunnel og vidare i nedgraven røyrleidning fram til vassverket. Det er behov for 400 m midlertidig veg for å få inn boreriggen. Heddersvatn er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker), og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Tone Gulliksen Øy (Sweco) på tlf. 97 19 34 24 eller e-post: [tone.oy@sweco.no](mailto:tone.oy@sweco.no).

NVE ber Tinn og Hjartdal kommunar å legge to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på servicetorget på kommunehuset fram til **14.06.2013**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE


**Region Øst**  
Vangsveien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR


Vi viser til vedlagde informasjonsark som forklarer sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer. Vi ber om at fråsegnene tek for seg både Djupetjønn og alternativet med Heddersvatn.

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogleg og seinast innan **14.06.2013**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing

  
for Gry Berg  
seksjonssjef

  
Silje Aakre Solheim  
avdelingsingeniør

Vedlegg: 4      Søknad til kommunen  
Kunngjeringstekst  
Informasjonsark  
Adresseliste

**Adresseliste for:** Søknad om uttak av vatn frå Djupetjønn, med Heddersvatn som alternativ

**Handsamast etter:** Vassressurslova

**Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i :** Rjukan Arbeiderblad og Telen

| Tal på søknadar | Namn/adresser                                                                 |
|-----------------|-------------------------------------------------------------------------------|
| 3               | Tinn Kommune, Postboks 14, 3661 RJUKAN                                        |
| 3               | Hjartdal kommune, 3692 SAULAND                                                |
|                 | Fylkesmannen i Telemark, Postboks 2603, 3702 SKIEN                            |
|                 | Telemark fylkeskommune, Postboks 2844, 3702 SKIEN                             |
|                 | Naturvernforbundet i Telemark v/Tormod Svartdal, Fogtegata 19, 3936 PORSGRUNN |
|                 | NJFF – Telemark, Bøgata 8, 3800 BØ I TELEMARK                                 |
|                 | Sweco Norge AS, Vekanvegen 10, 3840 SELJORD                                   |
|                 | Telemark Turistforning, Postboks 3089, 3707 SKIEN                             |
|                 | Mattilsynet Buskerud, Vestfold og Telemark, Postboks 383, 2381 BRUMUNDDAL     |
|                 | Direktoratet for mineralforvaltning, Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM       |
|                 | Forum for Natur og Friluftsliv Telemark, Bøgata 8, 3800 BØ I TELEMARK         |
| 1               | Anne Johanne Kråkenes (TBM)                                                   |
| 1               | Dag Trygve Norum (TBD)                                                        |
| 1               | Sylvia Smith-Meyer (SVA)                                                      |

## - KUNNGJERING -

### **Tinn Vann og Avløp AS – Søknad om løyve til uttak av drikkevatn frå Djupetjønn, med Heddersvatn som alternativ, i Tinn og Hjartdal kommunar**

NVE har motteke ein søknad frå Tinn Vann og Avløp AS om løyve til uttak av vatn frå Djupetjønn med Heddersvatn som alternativ. Det planlagde tiltaket ligg i Tinn og Hjartdal kommunar.

Tinn Vann og Avløp AS søker om å nytte Djupetjønn som ny vasskjelde til Kvitåvatn Vannverk. Det er søkt om å ta ut inntil 500 000 m<sup>3</sup> vatn, samt å regulere Djupetjønn mellom kote 1156 og kote 1155,4. Tiltaket er planlagt med slepp av minstevassføring på 6 l/s i perioden 15.12 – 15.05. Inntaket er planlagt på 25 m djup i Djupetjønn. Her i frå vert vatnet ført først gjennom bora tunnel til Sløkjedalen, og deretter i nedgraven røyrleidning fram til vassverket. I utløpet av Djupetjønn vert det etablert ein terskel og eit arrangement for slepp av minstevassføring. Det er behov for å forlenge eksisterande veg med om lag 1,8 km for å nå fram til tunnelpåhogget i Sløkjedalen. Djupetjønn er del av Digeråi som i 2005 vart verna i verneplan for vassdrag.

Som alternativ til Djupetjønn er det søkt om å nytte Heddersvatn som vasskjelde. Eit årleg uttak av 500 000 m<sup>3</sup> vatn vil gje ei maksimal senking av vasstanden på 10 cm i forhold til normalvasstand. Inntaket er planlagt i nordre del av vatnet. Frå inntaket vil vassvegen gå 500 m i leidning lagt i vatnet, deretter 300 m i bora tunnel og vidare i nedgraven røyrleidning fram til vassverket. Det er behov for 400 m midlertidig veg for å få inn boreriggen. Heddersvatn er ikkje omfatta av verneplan for vassdrag.

Søknaden vert handsama av NVE etter reglane i kap. 3 i vassressurslova, og gjeld løyve etter § 8 i same lov. Søknaden med vedlegg er lagt ut til offentleg ettersyn på servicetorga på kommunehusa i Tinn og Hjartdal kommunar og på NVE sine nettsider [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) fram til høyringsfristen går ut. Om du ønskjer papirutgåve av søknaden, ta kontakt med Tone Gulliksen Øy (Sweco) på tlf. 97 19 34 24 eller e-post: [tone.oy@sweco.no](mailto:tone.oy@sweco.no).

NVE føretrekkjer at fråsegner vert sendt oss elektronisk via [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) så snart som mogeleg og seinast innan **14.06.2013**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Dersom fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan nyttast til dette.

## Orientering til høringspartane

### Generelt

NVE har heimel til å gje løyve i saker som gjeld utbygging av småkraftverk og andre vassdragstiltak. Løyve til større kraftutbyggingar blir gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gje løyve etter § 8 i vassressurslova.

### Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE sender informasjon om høyringa til kommunar, fylkesmenn (FM), fylkeskommunar (FK), statlege forvaltingsorgan og interesseorganisasjonar som saka vedkjem. Høyringsperioden er minst 6 veker. Saka vert kunngjort i minst ei avis i distriktet og kommunen legg søknaden ut til offentliggjennomsyn, ev. utlån. Søknaden vert óg lagt ut på [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker) med tilgang til å sende inn fråsegn elektronisk.

Søkjar får høve til å kommentere innkomne fråsegner før NVE gjennomfører synfaring i området.

I heilskapsvurderinga står NVE fritt til å vurdere om løyve bør gjevast og i kva omfang, jf. vassressurslova § 25. Søknaden og innkomne høyringsfråsegner er viktige grunnlag for NVE si vurdering.

Dersom NVE gjev løyve, kan det bli knytt vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte byggjefristar, vasslepping, naturforvaltning, fornminne og sanksjonar ved ev. brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan 3 veker frå det tidspunkt underretning er kome fram til parten.

### Kva vert forventet av høyringsinstansane?

Kommunen bør gje synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ. Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser (t.d. landskap, friluftsliv, fisk og vilt) som tiltaket kan få følgjer for, og ev. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusere ev. skader ved gjennomføring av planane. NVE ventar at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar.

FM bør vektleggje tilhøva omkring miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald, og vurdere tiltaket i høve til sektorlovgevinga.

FK bør leggje vekt på kulturminne og friluftsliv som er særlege ansvarsområde.

### Motsegn og klagerett

Det er ikkje krav om reguleringsplan etter plan- og bygningslova for tiltak der det krevjast konsesjonshandsaming etter vassressurslova. For å ta hand om retten til å fremja motsegn som kommunar og statlege fagetatar har hatt til reguleringsplanar, er det teke inn reglar i vassressurslova om motsegn og klagerett. NVE understrekar at ei ev. motsegn må fremjast i høyringsperioden.

NVE syner til våre nettsider for meir informasjon: [www.nve.no/konsesjonssaker](http://www.nve.no/konsesjonssaker).